



Arkiv nr:

Sak nr 23/2017

Møtedato: 8.11.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om jakthundtrening - NESK

Norsk Engelsk Setter Klubb (NESK) avd. Valdres, Øvre Hallingdal og Hemsedal søker i e-post datert 15.10.17 om å få arrangere jakthundtrening den 23-24-25 mars 2018.

I følge hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Fram til 1. april sel fjellstyret treningskort for jakthundtrening og prøve i denne perioden er uproblematisk.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

- Prøvedato: 23-24-25 mars 2018.
- Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
- Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.
- Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
- Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrste måndag etter prøva.
- Pris: Kr 110 pr. dag pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
- Klubben pliktar å orientera Mattilsynet om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

Vedtak:


Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

- Prøvedato: 23-24-25 mars 2018.
- Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
- Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.
- Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
- Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrste måndag etter prøva.
- Pris: Kr 110 pr. dag pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
- Klubben pliktar å orientera Mattilsynet om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.17


Harald Ranum

Utskrift: Norsk Engelsk Setter Klubb (NESK) avd. Valdres, Øvre Hallingdal og Hemsedal